



## Referat SU- møte Bore skule 13.06.2024

**Tid:** 18.00- 19.00

**Stad:** møterom administrasjon Bore skule

**Til stades:**

Tonelise Hatteland Johnsen, 6a	Elevrepresentant
Olav Andreas Lura	foreldrerepresentant- FAU- leiar
Lill Vien	foreldrerepresentant- SU/ SMU- leiar
Edel Njærheim	representant andre tilsette
Anne Beth Torgersen Høines	lærarrepresentant
Hilde Malmin Kimo	lærarrepresentant
Martin Haukali (V)	kommunal representant (folkevald)
Jorun Beate Fylkesnes	kommunal representant (rektor)
Torhild Helen Melstokkå	støtte for elevrådsrepresentantar

**Fråfall:**

Samuel Olai Grude, 5B elevrepresentant

### Sak 6/ 24 Godkjenning av innkalling og referat

Kommentarar til innkalling. Innkalling kom seint. Referat bør leggjast på skulen si heimeside.


Innkalling og referat godkjent utover dette.

### Sak 7/ 24 Rekneskap

2% over forventa etter lønnskøyring i mai. På grunn av stort overforbruk for skulane samla til årsslutt 2023, ber kommunedirektøren om at skular med overforbruk blir følgt opp via økonomirådgjevar. Overforbruket på Bore skule skuldast vikarutgifter på grunn av høgt sjukefråver.

### Sak 8/ 24 Tilsyn Trygt og godt skolemiljø

Foreløpig rapport er kome ut, og den er offentleg. Tysdag 4. juni hadde Statsforvaltaren i Rogaland tilbakemeldingsmøte på Bore skule. Tilsynet omhandla dei tre delpliktene å *varsle*, å *undersøkje* og å *sette inn tiltak*. Statsforvaltaren si tilbakemelding er at skulen har brot på delplikta å varsle. Her må det utarbeidast ein rutine for korleis ein skal varsle om ein i leiinga har krenkja elev. Det andre brotet er at ein ser døme på at tilsette ikkje har varsla når ein fekk kunnskap eller kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt. På delpliktene å *undersøkje* og å *setje inn tiltak* hadde Bore skule ingen brot. Statsforvaltaren uttalte at det er sjeldan at ein ser at skular ikkje har nokon brot på begge desse to delpliktene samstundes. Ein les og i rapporten at det er god



Med blikk for alle

samanheng mellom innsendte planar og rutinar, at det blir arbeidd i tråd med desse dokumenta, og at dei som vart intervjua fortel at det er slik det fungerer. Både elevar, foreldre, tilsette og rektor vart intervjua. Dette viser at Bore skule har godt system for å handtere saker der elevar ikkje har det trygt og godt, og at saker som blir varsla til rektor blir raskt tatt tak i.

Rapporten omhandlar og skuleeigar sin internkontroll i forhold til trygt og godt skulemiljø.

#### **Sak 9/ 24 Utviklingsplan**

Etter avtale med skulesjef blir utviklingsplan ferdigstilt til skulestart august 2024. Skulesjef har i dag blant anna informert på skuleleiarmøte om at det blir ein eigen mal for Kleppskulen, og at planen skal koplast opp mot dokumentet «Kleppskulen mot 2028». Satsingsområda er Oracy og PALS, og ein har gjennomført prosessar både på Temakveld og i pedagogisk personalet, og dette ligg til grunn for mål og tiltak i utviklingsplanen. Utviklingsplanen blir vedteken på første SU- møte i haust.

#### **Sak 10/ 24 Samarbeid heim og skule**

Rektor seier det er beklageleg at Bore skule ikkje har klart å gjennomføre planen Kleppelunden skule hadde for overføring, der elevar mellom Horpestad, Kleppe og Bore skulane skulle få treffen kvarandre. For å forsøkje å ordne i dette inviterer nå Kleppelunden skule elevar og foreldre til skulen tysdag 18. juni på ettermiddagstid.

For Bore skule sin del var ikkje den planen som vart gjennomført realistisk, og hadde samstundes bestemt seg for at ein ville gjer likt for alle frå Bore. Skulen såg utfordringar med å klare og dekkje opp både elevar som skal til Kleppelunden samstundes som ein skulle dekkje opp for elevane som held fram på Bore skule. 1. trinn fekk gjennomført då dei i utgangspunktet er ein rein klasse planlagt for Kleppelunden.

Det er viktig med godt samarbeid mellom heim og skule, og i overføringsarbeidet har ikkje samarbeidet fungert optimalt. Det vart heller ikkje likt for alle, då nokon fekk beskjed om overføring og andre ikkje. Dette er grunna i at fleire undervegs har fått informasjon om Kleppelunden sine planar, og gjennomført dette som foreldre. Dette har ikkje Bore skule hatt kontroll over eller plan for.

#### **Sak 11/ 24 Orienteringssaker**

##### **- Elevråd (elevrådsrepresentantar og sosiallærar)**

- Elevrådet har på oppdrag frå skulesjef gjennomført teiknkonkurranse om «Den engasjerte eleven». Elevrådet har informert i alle klassane, og sett gjennom alle innkomne teikningar, og deretter levert inn dei fem dei syns best illustrerte Den engasjerte eleven. Det var ikkje lett å velje. Ungdomsrådet har nå gjennomført val av teikning som skal illustrere Den engasjerte eleven.

- Elevrådet har på oppdrag frå rektor diskutert fordeler og ulemper med mobilbruk i skulen. Klassane hadde først diskutert dette i klasseråd, og tok med argumenta til diskusjon i elevråd. Det er gode argument ein har kome fram til, og desse er presentert på skulen si heimeside i sak om mobilbruk frå hausten av.
  - Elevrådet arbeider nå med Ta sjansen, som blir gjennomført på alle trinn. Elevane konkurrerer med song, dans, film, teikningar med meir. Elevrådet utgjer dommarpanelet, og vel ut 3 frå kvart trinn som går til finalen. Finale onsdag 19. juni.
  - Det er eit dyktig elevråd!
- **FAU**
- FAU har arrangert gatecup, sykkelprøve og 17. mai denne våren.
  - FAU har blitt einige om at det skal overførast 100 kroner per elev som flytter til Kleppelunden hausten 2024. Pengane blir overført frå FAU Bore skule til FAU Kleppelunden skule.
- **Skuleeigar- utval for barn og unge**
- Sak om målform, kor fordelinga i Klepp kommune, og ved Bore skule er om lag 50/50. Dette er utfordrande på skular. Utval for barn og unge har bedt om ei sak om dette; kva betyr val av målform-informere foreldre om dette i god tid.
  - Tertiairrapporten for økonomi syner eit fortsatt meirforbruk i skulane. Dette er knytt til sfo og spesialundervisning, og er på 8,74 millionar kroner. Handlar blant anna om at dei 12 timane gratis sfo for 3. trinn ikkje er fullfinansiert frå staten.
- **SFO (SFO- leiar)**
- SFO hadde besøksdag denne veka. Det startar 45 1. klassingar til hausten.
  - Det er påmeldt 90 barn på ferietilbod.
  - SFO startar opp 5. august, og totalt 135 barn er påmeldt. Har fått lærling som startar i haust. Planleggingsdagar 1. og 2. august.
  - Held fram opplæring av miljøpersonell i Marte Meo. Har som mål at alle som er miljøpersonell skal bli Marte Meo-praktikarar.
  - SFO flyttar og opp i Nord- i garden. Barna spring over alt i skulegarden, og her vil dei yngste ha kort avstand til blant anna ny sandkasse.
- **Skule (lærarar og rektor)**
- Timeplanlegging pågår
  - Dagsrytme med små justeringar, blant anna ta tilbake 30 minuttars friminutt, og kantine kun for mellomtrinnet.
  - Personalelet har rydda mykje på bygget dei siste to vekene, blant anna på grunn av endringar i kva trinn som skal vera i ulike klasserom.
  - TL-leiarar leiar friminuttsaktivitetar ute. Sjakk, ball-leik og mykje kjekt utstyr.
  - Ny sandkasse